# VOLDA KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** **Kommunestyret**
**Møtestad:** **1. etg., Volda samfunnshus**
**Dato:** **22.03.2018**
**Tid:** **14:00**

Faste medlemer som møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Jørgen Amdam | Leiar | AP |
| Fride Schjølberg Sortehaug | Nestleiar | V |
| Hild Våge | Medlem | AP |
| Magnar Sunde | Medlem | AP |
| Margrete Trovåg | Medlem | AP |
| Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid | Medlem | AP |
| Bjørn Ytrestøyl | Medlem | AP |
| Odd Arne Folkestad | Medlem | FRP |
| Roald Arnold Espset | Medlem | FRP |
| Sindre Kvangarsnes | Medlem | FRP |
| Edvin Dale | Medlem | FRP |
| Dan Helge Bjørneset | Medlem | H |
| Per Svein Krøvel | Medlem | H |
| Margrete Bjerkvik | Medlem | KRF |
| Anders Egil Straume | Medlem | KRF |
| Henning Holsvik | Medlem | KRF |
| Erlend Koppen | Medlem | KRF |
| Erlend Krumsvik | Medlem | KRF |
| Øyvind Festø | Medlem | MDG |
| Odd Harald Sundal | Medlem | SP |
| Sølvi Dimmen | Medlem | SP |
| Rebecca Riise Bjerknes | Medlem | SP |
| Gunnar Strøm | Medlem | SV |
| Åshild Vik | Medlem | SV |
| Benedikte Holmberg | Medlem | V |

Faste medlemer som ikkje møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Sindre Rotevatn | Medlem | H |
| Arild Iversen | Medlem | KRF |

Varamedlemer som møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|
| Ivar-Otto Kristiansen | Sindre Rotevatn | H |
| Inger Tove B. Simonnes | Arild Iversen | KRF |

# VOLDA KOMMUNE

| | |
|---|---|
| Egil Berg | FRP |
| Jan Henning Egset | AP |

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Rune Sjurgard | Rådmann |
| Regine Solberg Aklestad | Planleggar PS 32/18 |

# SAKLISTE

| **Saksnr.** | **Sak** |
|---|---|
| PS 30/18 | **Godkjenning av innkalling og sakliste** |
| PS 31/18 | **Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte** |
| PS 38/18 | **Mandat - planlegging av kino og kulturhus i Volda sentrum** |
| PS 32/18 | **Bygningsmiljø og estetisk rettleiar – vedtak** |
| PS 33/18 | **Plan for helsestasjonen 2018 – 2020** |
| PS 34/18 | **Utbetring Botnavegen**<br>**Sak om tilleggsløyving eller reduksjon i prosjektomfang** |
| PS 35/18 | **Framlegg til "Hovudplan for vatn og avløp med del om vassmiljø 2017-2027"** |
| PS 36/18 | **Flaumtilpasningstiltak i Melshornsida, alternative tiltak og finansiering av desse** |
| PS 37/18 | **Politisk prioritering av investeringsprosjekt** |
| PS 39/18 | **Næringsfondet(kraft)- Årsrapport 2017** |
| PS 42/18 | **Finansiering av kapasitetsutviding ved Mork barnehage etter innkomne anbod** |
| PS 40/18 | **Orienteringssaker** |
| OS 18/18 | **Midlertidig og permanent reduksjon av tilleten totalvekt på Håskjoldvegen – Ytrestøylen** |

# VOLDA KOMMUNE

| | |
|---|---|
| OS 19/18 | **Folkevaltnettverket - referatsak til kommunestyret** |
| OS 20/18 | **Reduksjon av minsteareal for jakt på hjort i kommuna** |
| OS 21/18 | **Sunnmøre regionråd - Referat frå gruppearbeid knytt til femte samling i Folkevaltnettverket, 07.03.18** |
| PS 41/18 | **Delegerte saker frå avdelingane** |
| DS 35/18 | **Løyve til tiltak, fasadeendring Gbr 11/23** |
| DS 36/18 | **Ferdigattest Gbr 11/97** |
| DS 37/18 | **Ferdigattest, garasje Gbr 12/22** |
| DS 38/18 | **Ferdigattest, bruksendring Gbr 13/95** |
| DS 39/18 | **Mellombels bruksløyve Gbr 17/180/0/11** |
| DS 40/18 | **Igangsettingsløyve Gbr 17/243** |
| DS 41/18 | **Løyve til endring, støttemur Gbr 17/243** |
| DS 42/18 | **Løyve til endring Gbr 17/237** |
| DS 43/18 | **Igangsettingsløyve Gbr 17/237** |
| DS 44/18 | **Mellombels bruksløyve Gbr 17/180/0/9** |
| DS 45/18 | **Rammeløyve, riving og oppføring av ny bustad Gbr 18/50** |
| DS 46/18 | **Rammeløyve, terrassehus Gbr 18/1** |
| DS 47/18 | **Løyve til tiltak, ombygging Gbr 19/23** |
| DS 48/18 | **Ferdigattest, riving av bustad Gbr 19/1008** |
| DS 49/18 | **Rammeløyve, 2 stk tomannsbustadar Gbr 19/1006** |
| DS 50/18 | **Løyve til tiltak , bueining i kjellar Gbr 21/166** |
| DS 51/18 | **Løyve til endring Gbr 21/150** |
| DS 52/18 | **Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 29/1** |
| DS 53/18 | **Løyve til tiltak, endre profilering/skilt Gbr 30/194** |
| DS 54/18 | **Ferdigattest, tilbygg Gbr 108/2** |
| DS 55/18 | **Ferdigattest, bytte av mast Gbr 115/1** |
| DS 56/18 | **Løyve til tiltak, tilbygg til hytte Gbr 136/1** |
| DS 57/18 | **Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 149/10** |
| DS 58/18 | **Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 166/5** |

## PS 30/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Handsaming:**

**Innkalling**

Innkalling og sakliste vart lagt ut på lesebretta og publisert på heimesida den 15.03.2018. Møtet vart annonsert i «Møre» den 17.03.2018.

Ettersendte dokument den 21.03.2018:

- PS 42/18 Finansiering av kapasitetsutviding ved Mork barnehage etter innkomne anbod.
- Vedlegg til PS 34/17 Utbetring Botnavegen – presisering av vedtak.

Det vart ingen merknader til innkallinga.

**Røysting innkalling**:
Innkallinga var samrøystes godkjent.

**Sakliste**

Ordføraren kom med framlegg om å handsame sak PS 38/18, Mandat – planlegging av kino og kulturhus, etter PS 31/18.

**Røysting sakliste:**

Saklista vart samrøystes godkjent.

Avslutningsvis i møtet, reiste Odd Harald Sundal spørsmål om Web-overføring av kommunestyremøta. Ordføraren informerte om at dette er under arbeid, og truleg vil vere operativt frå mai-møtet.

**PS 31/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

**Handsaming:**

**Røysting**:

Møteprotokollen frå sist møte, den 14.03.2018, vart samrøystes godkjent.

**PS 38/18 Mandat - planlegging av kino og kulturhus i Volda sentrum**

**Tilråding i formannskapet - 13.03.2018 til kommunestyret:**

1. *Den kommunale byggjenemnda får i oppdrag å utarbeide romprogram og skisseprosjekt for kino og kulturhus i tilknytning til Volda samfunnshus. Arealet kan, om ein ser trong om det også omfatte «Barnepark-tomta» og «Driveklepphus-tomta»*

2. *Arbeidet skal inkludere lokalitetane i dagens samfunnshus med ombygging og integrasjon til nybygg. Ulike behov og løysingar kan vurderast, og det kan leggjast fram fleire alternativ der lokale til ungdomsklubb, bibliotek og kafe er ein del av dette. Det skal gjerast faglege og kostnadsmessige vurderingar av kinoløysing, som td antal salar, nybygg eller ombygging av dagens samfunnshussal mv.*

3. *Byggjenemnda kartlegg behov og knyter til seg representasjon frå brukarinteressene. Byggjenemnda knyter vidare til seg nødvendig ekspertise i arbeidet.*

4. *Planen skal vise heilskapleg prosjekt og synleggjere ev stegvis utbygging.*

5. *Romprogram med skisseprosjekt og kostnadskalkyle vert å leggje fram innan 01.11.18.*

6. *Kommunestyret vil vurdere samla eller delvis utbygging i samband med handsaminga av komande budsjett og økonomiplan.*

**Handsaming:**

Roald Espset reiste spørsmål om sin habilitet. Han er sambuar med ein av grunneigarane i området, jf. fvl. § 6. 2. ledd. Roald Espset tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:
Roald Espset vart samrøystes kjent inhabil.

Vara Egil Berg tok sete.

Margrete Bjerkvik, Krf, kom med framlegg om nytt punkt 7:

*Byggenemnda har tett dialog med formannskapet i arbeidet*

Ivar Otto Kristiansen, H, kom med framlegg om nytt punkt 8:

*Utrede mogleg sentrumsparkering mellom kommunehus og Gamleposten, ned til kirka.*

Odd A. Folkestad, FrP, kom med framlegg om nytt punkt 9:

*Det framlagde romprogrammet skal vederlagsfritt kunne nyttast som grunnlag for eventuelle andre interesserte utbyggjarar enn kommunen. - Dette kan t.d. organiserast ved at Volda kommune ber om tilbod frå andre (konkurranse), der det framlagde romprogrammet skal leggjast til grunn for innleverte tilbod. Eit slikt alternativt tilbod skal i tilfelle også plassert i Volda sentrum.*

Ivar Otta Kristiansen endra framlegget sitt vedk. sentrumsparkering, til eit oversendingsframlegg til administrasjonen.

**Røysting** (27 røysteføre):

Oversendingsframlegget frå Ivar Otto Kristiansen, H, vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

# VOLDA KOMMUNE

Framlegget frå Margrete Bjerkvik, Krf, vart samrøystes vedteke.

Odd A. Folkestad, FrP, trekte framlegget sitt frå votering og kom med slik protokolltilførsel:

*Når Romprogram er vedteke skal kommunen legge fram sak for politisk handsaming om prosjektet skal lysast ut for innhenting av tilbod (konkurranse).*

**Vedtak i kommunestyret - 22.03.2018:**

1. ***Den kommunale byggjenemnda får i oppdrag å utarbeide romprogram og skisseprosjekt for kino og kulturhus i tilknytning til Volda samfunnshus. Arealet kan, om ein ser trong om det også omfatte «Barnepark-tomta» og «Driveklepphus-tomta»***

2. ***Arbeidet skal inkludere lokalitetane i dagens samfunnshus med ombygging og integrasjon til nybygg. Ulike behov og løysingar kan vurderast, og det kan leggjast fram fleire alternativ der lokale til ungdomsklubb, bibliotek og kafe er ein del av dette. Det skal gjerast faglege og kostnadsmessige vurderingar av kinoløysing, som td antal salar, nybygg eller ombygging av dagens samfunnshussal mv.***

3. ***Byggjenemnda kartlegg behov og knyter til seg representasjon frå brukarinteressene. Byggjenemnda knyter vidare til seg nødvendig ekspertise i arbeidet.***

4. ***Planen skal vise heilskapleg prosjekt og synleggjere ev stegvis utbygging.***

5. ***Romprogram med skisseprosjekt og kostnadskalkyle vert å leggje fram innan 01.11.18.***

6. ***Kommunestyret vil vurdere samla eller delvis utbygging i samband med handsaminga av komande budsjett og økonomiplan.***

7. ***Byggenemnda har tett dialog med formannskapet i arbeidet.***

**Oversendingsframlegg frå kommunestyret 22.03.2018 til administrasjonen:**

***Utrede mogleg sentrumsparkering mellom kommunehus og Gamleposten, ned til kirka.***

Vara Egil Berg, FrP, gjekk og Roald Espset tok sete.

Vara Jan Henning Egset, A, gjekk kl. 15.15 og Margrete Trovåg tok sete.

# VOLDA KOMMUNE

**PS 32/18 Bygningsmiljø og estetisk rettleiar - vedtak**

**Tilråding i formannskapet - 13.03.2018 til kommunestyret:**

*Kommunestyret tek dokumentet «Bygningsmiljø og estetisk rettleiar Volda sentrum», datert 15.02.2018 til vitende, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel 2018–2030.*

**Handsaming:**

Planleggar Regine Solberg Aklestad orienterte og svara på spørsmål frå kommunestyret.

Erlend Krumsvik, Krf, kom med slikt framlegg til endring i Retningsliner og rutinar for utvikling under punkt 6.1 Halkjelsvika, i Bygingsmiljø og estetisk rettleiar Volda sentrum:

*Kulepunkt 3 blir erstatta med nytt punkt:*

*Gamalt punkt:*
*Føresegnene bør presisere at ved fortetting eller ny bebyggelse skal denne underordne seg det eldre trehusmiljøet i volum, materialbruk og og formspråk. Nye byggverk bør verke til å styrkje gaterom og plassdanningar i sentrumsområda. Hovudtrekk i bygningsvolum, bygningsbreidder og -høgder mot gata bør vidareførast. Orienteringa av nye bygningar bør følgje eit etablert mønster.* ***[går ut]***

*Nytt punkt:*
*Føresegnene skal motivere til høgare utnyttingsgrad av areal i sentrum, og ny bebyggelse bør skje i form av høgare hus, i kombinasjon med formålstenlege parkeringsløysingar som frigir plass i sentrumsområdet.* ***[Nytt punkt]***

*Kulepunkt 7 blir sletta:*
*Føresegner bør presisere at ein ynskjer å ta i vare uthus og sjøgløtt i området.* ***[går ut]***

*Kulepunkt 9 blir sletta:*
*Den nye arealplanen bør ha generelle føresegner om skifertak i bestemte områder, dette området inkludert. Utskifting av tak bør vere søknadspliktig.* ***[går ut]***

*Kulepunkt 9 blir sletta:*
*Planar om endra bruk av einskilde bygg, tilbygg, påbygg, ombygging eller utvendig reparasjonar og oppussing skal leggjast fram for kulturavdelinga i Fylkeskommunen før kommunen handsamar planane.* ***[går ut]***

*Nytt punkt:*
*Ein reguleringsplan skal være avklarande, og kommunestyret ynskjer vurdert bygningshøgde på inntil 8 etasjer i sentrumssona, som samspelar med eldre trehusbebyggelse og hamneområde.* ***[Nytt punkt]***

Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Saka vert utsett og sendt til formannskapet for vidare handsaming.*

**Røysting** (27 røysteføre):

Utsettingsframlegget vart vedteke med 18 røyster, 9 røysta imot.

**Vedtak i kommunestyret - 22.03.2018:**

***Saka vert utsett og sendt til formannskapet for vidare handsaming.***

**PS 33/18 Plan for helsestasjonen 2018 - 2020**

**Tilråding i tenesteutval for oppvekst og kultur til kommunestyret:**

*TOK vedtek plan for helsestasjonen i Volda 2018-2020 og rår kommunestyret til å gjere det same.*

**Handsaming:**

**Røysting** (27 røysteføre):

Tilrådinga frå tenesteutval for oppvekst og kultur vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i kommunestyret - 22.03.2018:**

***TOK vedtek plan for helsestasjonen i Volda 2018-2020 og rår kommunestyret til å gjere det same.***

**PS 34/18 Utbetring Botnavegen. Sak om tilleggsløyving eller reduksjon i prosjektomfang**

**Handsaming:**

**Tilråding i formannskapet - 13.03.2018 til kommunestyret:**

*Kommunestyret vedtek å ta ut asfalt frå Nymark til Botnsanden, elles vert prosjekt Botnavegen fullført som planlagt.*

Vedlegg, utbetring Botnavegen – presisering av vedtak, vart ettersendt 21.03.2018.

Edvin Dale reiste spørsmål om habilitet. Han er tilsett med entreprenør, som har oppdrag med prosjekt Botnavegen, jf. fvl. § 6. 2.ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

# VOLDA KOMMUNE

Røysting habilitet:
Edvin Dale vart samrøystes kjent habil og han tok sete.

Odd Harald Sundal reiste spørsmål om habilitet, han er i nær slekt med ein av grunneigarane lags vegen, jf. fvl. § 6. 1.l. b. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:
Odd Harald Sundal vart samrøystes kjent inhabil.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Prosjekt Botnavegen vert fullført som planlagt.*

**Røysting** (26 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå ordføraren. Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i kommunestyret - 22.03.2018:**

***Prosjekt Botnavegen vert fullført som planlagt.***

Odd Harald Sundal tok sete.

**PS 35/18 Framlegg til "Hovudplan for vatn og avløp med del om vassmiljø 2017-2027"**

**Tilråding i formannskapet - 13.03.2018 til kommunestyret:**

1. *Med heimel i plan-og bygningslova §11-14 vedtek kommunestyret kommunedelplan «Hovudplan for vatn og avløp med del om vassmiljø 2017-2027» godkjent i samsvar med vedlagte forslag til plan.*
2. *Tiltak vert prioritert i samanheng med budsjett og økonomiplan. Administrasjonen legg fram årleg framdriftsplan for VA-tiltaka til forvaltningsutvalet innan 1. mars, i 2018 innan 1. mai. Framdriftsplanen skal vere basert på ressurskartlegging og ressursplanlegging for å nå dei prioriterte tiltaka. Oppfølging av framdriftsplanen skal rapporterast etter rutinene (vedtakslogg og tertialrapportering).*

3. *Planen skal reviderast av administrasjonen kvart år, med orientering til formann-skapet. Kvart fjerde år skal heile planen reviderast og godkjennast i kommunestyret. Det skal då kome klart fram måloppnåing i høve dei oppsette mål og tiltak i planen.*

# VOLDA KOMMUNE

**Handsaming:**

Gunnar Strøm, SV, kom med slikt oversendingsframlegg:

*Kommunestyret ber om at ein i det vidare arbeidet vurderer om det kommunale avløpssystemet er godt nok til å fange opp mikroplast, ev foreslå oppgradering til bruk av best tilgjengelege teknologi for filtrering av mikroplast i avløpsanlegg. Ein ber og om at reinseanlegga gjer tiltak for at biofilm-berarar, (små plastsylindrar tilsett avløpsanlegga), dersom slike vert brukt i Volda, ikkje kjem på avvegar.*

**Røysting** (27 røyteføre):

Oversendingsframlegget frå Gunnar Strøm vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i kommunestyret - 22.03.2018:**

1. ***Med heimel i plan-og bygningslova §11-14 vedtek kommunestyret kommunedelplan «Hovudplan for vatn og avløp med del om vassmiljø 2017-2027» godkjent i samsvar med vedlagte forslag til plan.***
2. ***Tiltak vert prioritert i samanheng med budsjett og økonomiplan. Administrasjonen legg fram årleg framdriftsplan for VA-tiltaka til forvaltningsutvalet innan 1. mars, i 2018 innan 1. mai. Framdriftsplanen skal vere basert på ressurskartlegging og ressursplanlegging for å nå dei prioriterte tiltaka. Oppfølging av framdriftsplanen skal rapporterast etter rutinene (vedtakslogg og tertialrapportering).***
3. ***Planen skal reviderast av administrasjonen kvart år, med orientering til formannskapet. Kvart fjerde år skal heile planen reviderast og godkjennast i kommunestyret. Det skal då kome klart fram måloppnåing i høve dei oppsette mål og tiltak i planen.***

**Oversendingsframlegg frå kommunestyret 22.03.2018 til administrasjonen:**
***Kommunestyret ber om at ein i det vidare arbeidet vurderer om det kommunale avløpssystemet er godt nok til å fange opp mikroplast, ev foreslå oppgradering til bruk av best tilgjengelege teknologi for filtrering av mikroplast i avløpsanlegg. Ein ber og om at reinseanlegga gjer tiltak for at biofilm-berarar, (små plastsylindrar tilsett avløpsanlegga), dersom slike vert brukt i Volda, ikkje kjem på avvegar.***

# VOLDA KOMMUNE

## PS 36/18 Flaumtilpasningstiltak i Melshornsida, alternative tiltak og finansiering av desse

### Tilråding i formannskapet - 13.03.2018 til kommunestyret:

1. *Kommunestyret syner til saksutgreiinga og ber administrasjonen med nødvendige atterhald om finansiering mv innhente anbod på utbygging av flaumtilpasningstiltak i Melshornsida i Volda sentrum.*

2. *Kommunestyret syner til finansieringsramma i budsjett- og økonomiplanen. Anboda vert innanfor rammene i innkjøpsregelverket organisert slik at kommunestyret kan godkjenne samla utbygging eller trekkje ut tiltak eller opsjonar innanfor finansieringsramma i gjeldande økonomiplan.*

3. *Kommunestyret ber administrasjonen orientere formannskapet før utlysing av anbodet.*

### Handsaming:

**Røysting** (27 røyteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i kommunestyret - 22.03.2018:

1. ***Kommunestyret syner til saksutgreiinga og ber administrasjonen med nødvendige atterhald om finansiering mv innhente anbod på utbygging av flaumtilpasningstiltak i Melshornsida i Volda sentrum.***

2. ***Kommunestyret syner til finansieringsramma i budsjett- og økonomiplanen. Anboda vert innanfor rammene i innkjøpsregelverket organisert slik at kommunestyret kan godkjenne samla utbygging eller trekkje ut tiltak eller opsjonar innanfor finansieringsramma i gjeldande økonomiplan.***

3. ***Kommunestyret ber administrasjonen orientere formannskapet før utlysing av anbodet.***

## PS 37/18 Politisk prioritering av investeringsprosjekt

### Tilråding i formannskapet - 13.03.2018 til kommunestyret:

*Kommunestyret tek saka til vitende.*

### Handsaming:

**Røysting** (27 røyteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

# VOLDA KOMMUNE

**Vedtak i kommunestyret - 22.03.2018**

***Kommunestyret tek saka til vitende.***

## PS 39/18 Næringsfondet(kraft)- Årsrapport 2017

**Tilråding i formannskapet - 13.03.2018 til kommunestyet:**

*Årsrapporten for Næringsfond(kraft) 2017 vert teken til vitende, slik den går fram av saksutgreiinga og vedlegg i denne saka.*

**Handsaming:**

**Røysting** (27 røyteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i kommunestyret - 22.03.2018**

***Årsrapporten for Næringsfond(kraft) 2017 vert teken til vitende, slik den går fram av saksutgreiinga og vedlegg i denne saka.***

## PS 42/18 Finansiering av kapasitetsutviding ved Mork barnehage etter innkomne anbod

**Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret godkjenner ei tilleggsfinansiering på kr. 824.000,- for å kunne ferdigstille tilbygget til Mork barnehage med inventar og opsjonar. Tilleggsfinansiering vert finansiert via låneopptak.*

*Løyvde midlar til prosjekt avbøtande tiltak barnehagar på kr. 400.000,- (eks. mva) vert overført til prosjekt Mork barnehage.*

**Handsaming:**

Saka vart ettersendt til kommunestyret 21.03.2018.

**Røysting** (27 røyteføre):

# VOLDA KOMMUNE

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i kommunestyret - 22.03.2018:**

***Kommunestyret godkjenner ei tilleggsfinansiering på kr. 824.000,- for å kunne ferdigstille tilbygget til Mork barnehage med inventar og opsjonar. Tilleggsfinansiering vert finansiert via låneopptak.***

***Løyvde midlar til prosjekt avbøtande tiltak barnehagar på kr. 400.000,- (eks. mva) vert overført til prosjekt Mork barnehage.***

**PS 40/18 Orienteringssaker**

**Handsaming:**

Det var ingen merknader til orienteringssakene.

**OS 18/18 Midlertidig og permanent reduksjon av tilleten totalvekt på Håskjoldvegen - Ytrestøylen**

**OS 19/18 Folkevaltnettverket - referatsak til kommunestyret**

**OS 20/18 Reduksjon av minsteareal for jakt på hjort i kommuna**

**OS 21/18 Sunnmøre regionråd - Referat frå gruppearbeid knytt til femte samling i Folkevaltnettverket, 07.03.18**

**PS 41/18 Delegerte saker frå avdelingane**

Det var ingen merknader til dei delegerte sakene frå avdelingane.

# VOLDA KOMMUNE

Møtet slutt kl. 17:45

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
23.03.2018

Sonja Håvik
førstekonsulent